

22.09.2010

**Husk dem som glemmer!**

Innsamlarane står klare til å gå ut frå AFA i fjar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

### **Husk dem som glemmer - bidra til å løse demensgåten!**

Dette er oppmodinga framfor den årlege demensaksjonen som i Uskedalen skal avviklast mandag ettermiddag. Her i bygda vart det i fjar samla inn rundt rekna 18.000 kroner medan rekorden vår er 20 272 kroner. Blir det ny rekord i år? 20 innsamlarar er klare og vil nytta Gamleskulen som utgangspunkt og base, opplyser leiar i det driftige helselaget Selma Eik til uskedalen.no

Nasjonalforeningen når stadig nye rekordar under denne aksjonen og i fjar nådde dei tett oppunder 4millionar. Det er eit viktig bidrag til å nå målet, som er å løysa gåten innan 10 år. Leiinga i foreningen innrømmer at målet er ambisiøst. Det er heilt naudsynt å forske på årsaksmekanismane. Å forske er kostbart. Men løfter ein saman bør målet bli nådd.

Det er samstundes viktig å skape ein god kvardag for dei som har demens og deira pårørende gjennom dei lokale aktivitetane til helselaga.

Personer med demens kan bli prega av angst, usikkerheit og bekymring.

Mange føler at dei har mista fotfestet.

Men gjennom meir forsking på årsakene kan vi hindra at stadig fleire får demens i framtida.

Av Ola Matti Mathisen